

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

## Varsel om oppstart av områdefreding med heimel i Lov om kulturminne § 19 jf. § 22 - Årbakka, G.NR/B.NR. 131/1, 132/1, 132/2, 132/4, 132/26, 133/1, 133/3, 133/7, 133/15, 133/51, 134/3, 134/4, 134/6, 134/31, 134/32 og 134/33 i Tysnes kommune

Vestland fylkeskommune varsler med dette at det for nemnde eigedommar vert føreslege freding med heimel i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 19, jf. § 22. Varsel om oppstart av fredingssak vert også kunngjort i avisene *Bergens tidende*, *Sunnhordland* og *Avisa Tysnes*, jf. kulturminnelova § 22 nr1. andre ledd. Hordaland fylkeskommune varsla oppstart av freding med same utstrekning i 2015, men sidan det har gått lang tid og det er fleire nye grunneigarar i området, vert fredinga varsla på nytt.

### Omfanget av fredinga

Fredinga etter § 19 omfattar området avmerkt med raud innramming på kartet nedanfor.

Fredinga vil omfatte delar av eigedomane gbnr. 131/1, 132/1, 132/2, 132/4, 132/26, 133/1, 133/3, 133/7, 133/15, 133/51, 134/3, 134/4, 134/6, 134/31, 134/32 og 134/33 i Tysnes kommune.

### Grunngjeving for fredinga

Formålet med fredinga av området rundt gravfeltet på Årbakka er å sikre omgjevnadene til eit nasjonalt kulturhistorisk eineståande strandgravfelt, som ei kjelde til kunnskap og forsking. Landskapsrommet gravfeltet ligg i er avgrensa av svaberg og berg i aust og vest og dannar ei stram ramme rundt kulturminna. Omfanget av fredinga skal sikra opplevingsverdien av gravfeltet i miljøet gjennom å oppretthalde karakteren av det opne landskapet, slik at området står fram med fritt innsyn til gravfeltet sine ulike element.


### Kort om kulturminnet

Gravfeltet på Årbakkavollen er eit av dei mest særegne forhistoriske kulturminna på Vestlandet. Ein vesentleg kvalitet er samspelet mellom gravfeltet og landskapet rundt og då særleg kontakten med sjøen. Over Årbakkasanden er det vidt utsyn mellom fjorden og gravfeltet, slik at gravfeltet var godt synleg for alle som reiste forbi. Vika rett aust for feltet må til alle tider ha vore ei naturleg hamn og landingsstad, så tilhøvet mellom gravfeltet og hamna er ein viktig historisk samanheng. I førhistorisk tid har nok rullesteinstranda vore den sentrale møtestaden, men med nye båttypar og kai vart handelsstaden etablert på utsida av feltet. Det gjev ein bruksmessig kontinuitet mellom gravfeltet og handelsstaden.

Topografisk ligg feltet på ein strandbrem med relativt bratt veg opp til områda der dei noverande gardane ligg. Feltet er det største av fleire felt langs den indre leia og har truleg tent som ein plass ein måtte innom og vore viktig for å statuere makt og mynde. Å ha kontroll på eit gravfelt med dei rituala som den gongen var aktuelle, var spesielt viktig. Samanhengen mellom naturtilhøva og gravene vitnar om ei sterk kollektiv bruk av området i jernalder.

### Fyljer av fredinga

I fredingsvedtaket vil det inngå fredingsføresegner. Formålet med fredingsføresegnerne er å sikre eit varig vern av kulturmiljøet. Fredingsføresegnerne gjev retningsliner for forvaltning og vedlikehald av området. Føresegnerne vil ikkje vere til hinder for vidare eller framtidig bruk av området, så lenge denne ikkje er i strid med formålet med fredinga.



### Vidare saksgang

Vi ber om at eventuelle merknadar til varselet vert merka med saksnummer 2020/74144 og sendt til Vestland fylkeskommune innan 31. august 2021. Merknadar kan sendast elektronisk til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller pr. brev til:

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Etter at fristen for å kome med innspel til varselet er passert, vil Vestland fylkeskommune utarbeide eit forslag til freding. Det endelege forslaget om freding vil bli utarbeidd i samarbeid med partane det gjeld, offentlege styresmakter, osv.

Forslag om freding vil bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn hjå Vestland fylkeskommune og Tysnes kommune. Framlegg om freding vil bli handsama politisk i Tysnes kommune og i Vestland fylkeskommune før det vert sendt til Riksantikvaren for handsaming og endeleg vedtak.

Vi ber om at området blir handsama som freda inntil fredingsspørsmålet er avgjort. Vidare ber vi om at det vert tatt kontakt med Vestland fylkeskommune dersom nokon vil setje i verk tiltak på anlegget eller innanfor fredingsområdet, som vil medføre endringar eller gå ut over vanleg vedlikehald. Fylkeskommunen vil gje råd og rettleiing i slike tilfelle.

Nærare opplysingar og informasjon om fredingssaka kan dykk få ved å ta kontakt med Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller på telefon nr. 05557

Med helsing

**Per Morten Ekerhovd**  
fylkessdirektør

**David Aasen Sandved**  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Mottakarliste

Hallvard Myklebust	Liastrando 43	5693	ÅRBAKKA
Signy Alvær Lie	Liastrando 67	5693	Årbakka
Arnt Bakke	Liavegen 29	5693	ÅRBAKKA
Terje Sigvald Storås	Liavegen 20	5693	Årbakka
Aslak Ernst Olsen	Liavegen 22	5693	Årbakka
Sigfrid Lillian Olsen	Liavegen 22	5693	ÅRBAKKA
Audun Aarbakke	Årbakkavegen 1	5693	Årbakka
Anna Aarbakke Hovdenes	Tomyro 25	5685	Uggdal
Johannes Brynjulf Aarbakke	Mosskarsvegen 1	5532	HAUGESUND
Kari Aarbakke	Olav Rustis Gate 11	5057	BERGEN
Harald Aarbakke	Renen 46	5099	BERGEN
Jorunn Onarheim	Årbakkaheio 5	5693	ÅRBAKKA
Gaute Aarbakke Solaas	Støtterudvegen 103	2008	Fjerdingby
Martin Aarbakke Solaas	Sundmannvegen 26	3812	Akkerhaugen
Kristian Solaas	Torsbergåsen 6	3803	BØ I TELEMARK
Jarle Aarbakke	Tomasjordvegen 71	9024	TOMASJORD
Åge Mæland	Liastrando 111	5693	ÅRBAKKA
Gunnar S Onarheim	Fjellvegen 30	5694	ONARHEIM
Arvid Meland			
Steinar Meland	Sjuradalsvegen 16	4262	AVALDSNES
TYSNES KOMMUNE	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
SENTRALADMINISTRASJON			
Trond Nødland	Skogseidvegen 14	5640	EIKELANDSOSEN
Haldor Hårvik	Kjelsåsveien 50 C	0488	Oslo
Gerhard Meidell Alsaker	Flakkavågsvegen 12, 5694	5694	ONARHEIM
Sigrun Marie Rasmussen	Onarheim, Flakkavågsvegen 67		
Knut Rasmussen	V/ Knut Rasmussen, Tomasjordvegen 85	9024	Tomasjord
	Tomasjordvegen 85	9024	Tomasjord

Kjellfrid Nipen  
Siw Evelyn Rasmussen  
Anna Karin Midthaug

Fimlandsmarka 45  
Geilolie 37  
Vardane 104

6906 Florø  
3580 Geilo  
5911 Alversund

Kopi til:

RIKSANTIKVAREN Postboks 1483 Vika

FYLKESMANNEN I VESTLAND Njøsavegen 2